

Notat

Frå: Fylkesrådmannen

Til: Fylkesutvalet, møte 23.november 2016

Utvikling av den fylkeskommunale bygningsmassen i Førde

I møte i fylkesutvalet den 22. juni 2016 la fylkesrådmannen fram eit notat som drøfta utviklinga av den fylkeskommunale eigedomsmassen i Førde. Fylkesutvalet hadde ikkje merknader til vidare arbeid med saka og fylkesrådmannen ynskjer med dette notatet å gje ein kort status.

Det har i hovudsak vore arbeidd med saka i 3 delområde:

1. Moglegheitsstudie og innspel til pågåande områderegulering for Indre Øyrane.
2. Internt programarbeid saman med dei aktuelle skulane.
3. Verdifastsetting og takst av eigdommen ved Hafstad vgs.

Desse områda er alle viktige føresetnader som må avklarast før vi ev. kan kalkulere kostnader knytt til investering og drift, samt vurdere ulike risikofaktorar i ein vidare prosess.

Status i delsakene er:

1. Moglegheitsstudie og innspel til pågåande områderegulering for Indre Øyrane

Bygge- og eigedomssjefen starta arbeidet med å sjå nærare på moglege løysingar over sommaren 2016 og 07.10.16 la arkitektane fram moglegheitsstudie. Det var då gjennomført fleire møte m.a. med kommune, grunneigarar og planleggarar i saka. Bygge- og eigedomssjefen har gjeve innspel til planprosessen i brev av 06.10.16 til Førde kommune. Her har vi vektlagt å bygge vidare på/respektere eksisterande utbyggingsprinsipp, signalisert vårt samla arealbehov, peika på primære utbyggingsområde samt vektlagt gode og trafikksikre løysingar for besøkande, elevar og tilsette.

Planutvalet i kommunen handsama sak om val av prinsipp for utbyggingsform og trafikk-løysing 03.11.16. Vi har fått tilsendt vedtaket saman med invitasjon til vidare drøftingar og framdrift i møte 15.11.16.

Planskissa under er førebels og viser moglege utbyggingsområde. Rammer for det vidare arbeidet - i tråd med kommunale vedtak for utbyggingsform og trafikk - skal drøftast i den vidare reguleringsprosessen.

